



MELAND KOMMUNE

Komm.avd. for natur - næring og tekniske tenester

Helge Langeland
Håstølen 28
5918 FREKHAUG

Dykkar ref.
Vår ref. TRH

Journalp.ID 06/13630
ArkivsakID 06/1766
Arkiv nr. GBNR-24/12, N-504

Dato 08.12.2006

VEDK. SØKNAD OM DISPENSASJON - ENDRING AV AREAL I LNF-OMRÅDE TIL BUSTADAREAL.

Viser til tidlegare korrespondanse i saka.

Saka har vore framlagt for administrativ plangruppe i Meland kommune. I denne gruppa er rådmann, skule, barna sin representant, teknisk, miljø, landbruk og kultur representert.

Plangruppa har konkludert med at ein ikkje kan tilrå endring av arealet til bustadføremål. Kommuneplanen opnar ikkje for bustadbygging i dette området. I tillegg vert nærleiken til Sagstad skule vektlagt. Dersom eigedomen skal vurderast for andre føremål enn LNF (landbruk, natur og friluftsliv), må det lagast ein reguleringsplan for området først.

Dykkar søknad om dispensasjon vert lagt fram for planutvalet i møte i januar 2007, med administrasjonen si innstilling i saka.

Vi ber om at det vert utsendt nabovarsel i saka, på vanleg måte, sjå vedlagt naboliste og skjema. Gjenpart av nabovarsel skal sendast til kommunen.

Komm.avd. for natur - næring og tekniske tenester

Truls Hansen Folkestad
Plan- og byggjesaksansvarleg

Vedlegg.